



MØTEPROTOKOLL

Arkivsak: 11/1580

Løpenummer: 12/126

Utval: Formannskapet

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 05.01.2012

Tid: 16:00 – 18:10

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med §32 i kommunelova.
Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene i brev av 30.12.11.
Møtet vart kunngjort i ei avis, på heimesida og ved oppslag.

Desse medlemene møtte:

Atle Kvåle, Ap
Asbjørn Heidal, Krf
Birgitte H.O.Skibenes, SV
Hans S. Vindenes, Sp
Margunn Y. Samnøy, Sp
Miikal Leigland, Sp
Magne Djuvik, Frp
Steinar Skår, H
Kristine Hjartnes, Frp

Andre som var tilstade på møtet:

Rådmann Berit Fløisand
Kommunalsjef Øyvind Haga
Kontorsjef Gunn Sissel Teigen

Merknader til innkalling og sakliste:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Orientering:

Ordføraren orienterte om at no vil alle representantar få tilsendt lønsslipp via e-post noko som er positivt. Det var ingen merknader til nyordninga. Ordføraren minna også om at alle må gje opplysningar på tilsendt representantskjema m.a. kva e-post adresse sakspapir kan sendast til samt frå og med 2012 også e-post adressa som lønsslippen kan sendast til.

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 6. januar 2012

Hans S. Vindenes
Ordførar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/12	AVKLARINGAR I SAMBAND MED OPPFØLGING AV VEDTEKE BUDSJETT 2012

001/12: AVKLARINGAR I SAMBAND MED OPPFØLGING AV VEDTEKE BUDSJETT 2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

SAKA VERT LAGT FRAM TIL AVKLARING/AVGJERD

05.01.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Kristine Hjartnes, Frp, stilte spørsmål om ho var ugild i sak 1/12 då ho har eit engasjement i kommunen og ønskjer dette omgjort til fast stilling, jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 2.ledd. Ho ga uttrykk for at ho følte seg litt inhabil, men hennar sak om fast stilling skal ikkje handsamast i dette møtet. Ho gjekk frå og for henne møtte Gunnar Hansen, Frp, som vararepresentant.

Det vart vedteke med 8 røyster mot 1 røyst, 1 Sp Margunn Y. Samnøy, at Kristine Hjartnes ikkje er inhabil. Ho tok plass att i møtet.

På vegne av Ap, Frp og Krf fremja Asbjørn Heidal, Krf, følgjande forslag:

Følgjande stillingar vert haldne utanom tilsettingsstoppen:

1. Sjukevikarar som einingane ikkje greier seg utan for å oppretthalda forsvarleg drift
2. Svangerskapsvikarar i turnusstillingar
3. Vi tilbyr engasjement/vikariat i barnehage for å oppretthalda pedagognormen og minimums bemanningsnorm ut barnehageåret
4. Vi tilbyr engasjement/vikariat ut skuleåret ved vakansar blant pedagogar og assistentar i skulen.
5. Vi tilbyr naudsynte engasjement knytt til økonomiprojekt/IKT-prosjekt for å kunna innføra og ta i bruk ny programvare og samtidig oppretthalda drifta.

På vegne av Sp, H, og SV, fremja Birgitte H. O. Skibenes, SV, følgjande forslag:

Formål:

Innsparing lønsmidlar

1. Skjerma dagsentertilbod og Kløvertun
2. Arbeida for mest mogeleg heile stillingar
3. Sjølvfinansierande stillingar skal skjermast
4. Forsvarleg drift i høve gjeldande lovverk må oppretthaldast i alle einingar.

Forslaget frå Asbjørn Heidal, Krf, fekk 4 røyster. (1 Ap, 2 Frp og 1 Krf)

Forslaget frå Birgitte H. Olsen vart vedteke med 5 røyster. (1 H, 3 Sp, 1 V)

Magne Djuvik, Frp, ba om at det vart protokollert at han ville anka saka inn for kommunestyret.

Det vart opplyst at det ikkje var ei ordning i kommunelova med mindretalsanke.

Evt. kan ein be om ekstra kommunestyremøte etter reglane i kommunelova, § 32 nr 1

FOR-001/12 VEDTAK:

Formål:

Innsparing lønsmidler

1. Skjerma dagsentertilbod og Kløvertun
2. Arbeida for mest mogeleg heile stillingar
3. Sjølvfinansierande stillingar skal skjermast
4. Forsvarleg drift i høve gjeldande lovverk må oppretthaldast i alle einingar.